


# NORDDAL KOMMUNE



## BUDSJETT 2017

## ØKONOMIPLAN 2017 - 2020

### Politisk handsaming:

<b>Utval</b>	<b>Saknr</b>	<b>Dato</b>
<i>Formannskap</i>		<i>07.11.16 og 28.11.16</i>
<i>Arbeidsmiljøutval</i>		<i>11.11.16</i>
<i>Ungdomsrådet</i>		<i>11.11.16</i>
<i>Eldreråd</i>		<i>16.11.16</i>
<i>Råd for likestilling av funksjonshemma</i>		<i>15.11.16</i>
<i>Offentleg ettersyn</i>		<i>30.11.16-14.12.16</i>
<i>Kommunestyre</i>	<b>KS-</b>	<i>15.12.16</i>

## Innhold

Forord .....	3
Samandrag .....	3
1. Innleiing .....	4
2. Rammevilkår .....	4
Inntektssystemet .....	4
Folketal .....	5
Inntekter .....	6
3. Finans .....	8
a) Utbytte og renteinntekter .....	8
b) Renteutgifter og avdrag .....	9
c) Avskrivningar - avsettingar – bruk av fond.....	9
4. Drift .....	10
Til fordeling drift.....	12
Rådmann.....	12
Fellestenester .....	13
Skule og barnehage .....	14
Helse og omsorg .....	17
Teknisk, næring og miljø .....	19
5. Investeringar .....	22
6. Vedlegg .....	25
Budsjettskjema 1A .....	25
Budsjettskjema 1B.....	26
Budsjettskjema 2A .....	26
Budsjettskjema 2B.....	27
Årsverksplan.....	29

## Forord

Det vil vere to versjonar av dette dokumentet, jfr økonomireglementet pkt 2.3:

1. Første versjon er rådmannen sitt framlegg til politisk handsaming
2. Andre versjon er vedteke budsjett og økonomiplan

Formannskapet har den 12. september 2016 gitt rådmannen ramme for økonomiplanen.

### FS-105/16 Vedtak:

Formannskapet gjer rådmannen på 119 millionar til driftsbudsjett for perioden 2017 og 2018, der det er lagt inn avsetnad til å dekke eventuelt meirforbruk i 2016. Ramme for 2019 og 2020 vert på 118 millionar, med avsetnad til frie fond på 1,5 millionar. Rammene er gitt i 2016-kroner.

Formannskapet gjer ei ramme på 6 millionar til investeringar. Investeringane vert finansiert ved bruk av frie investeringsfond (elverkfondet).

## Samandrag

### Etter at ramma vart gitt til tenestene, har inntektsgrunnlaget endra seg vesentleg:

1. Eigedomsskatt frå verk og bruk vert om lag 5 millionar mindre enn første prognose
2. Vedtak om å redusere avdragsbetalinga vil gi ein reduksjon i avdrag på om lag 1 million, men aksjeutbytte og avkastning av fond ser ut til å bli mindre.
3. Konesjonskrafta kan sannsynleg seljast til ein høgare pris enn 2016. Eit anslag på 3 øre, som vil gje ei meirinntekt på 1,2 millionar på det volumet som vi har.

	Ramme
Ramme til fordeling 2017 - FS 12.09.16	118 772 000
Endring statsbudsjett og finanspostar	3 579 000
Reduksjon i eigedomsskatt	-5 000 000
Justering inntekter av konsesjonskraft	1 200 000
Ny ramme	<b>118 551 000</b>

Budsjettbehovet frå sektorane er på

	Budsjettbehov
Rådmann	2 967 000
Fellestener	9 745 000
Skule og barnehage	42 819 000
Helse og omsorg	54 749 000
Teknisk, næring og miljø	18 435 000
	<b>128 715 000</b>

**Gap mellom ramme og behov**

**10 164 000**

## 1. Innleiing

Kommunelova har krav om at kommunestyret ein gong per år skal handsame og vedta ein rullerande økonomiplan, jfr KL § 44. Det skal også vedtakast budsjett for komande kalenderår, KL § 45. Det er eit krav at budsjettet skal vere realistisk og at det skal ha eit resultat som dekker renter, avdrag og nødvendige avsetningar, KL § 46.


<http://www.lovdatab.no/all/tl-19920925-107-011.html>

Norrdal kommune legg fram budsjett 2017 og økonomiplan 2017-20 til samla handsaming og felles vedtak. Første år i økonomiplanen er budsjett for 2017.

*Kommuneplanen 2007-2018 samfunnsdelen* skisserar seks hovudmål.

- Endringsvilje og endringsevne
- Kommunal identitet
- NaKuHel (Natur, kultur og helse)
- Næringsutvikling
- Samferdsle
- Miljø og berekraftig utvikling

Samanhengen mellom kommuneplanen og økonomiplanen er som skissert i kommuneplanen:



## 2. Rammevilkår

### Inntektssystemet

Frå og med 2017 har regjeringa lagt opp til vesentlege endringar i inntektssystemet for kommunane. Dette vart varsla i kommuneproposisjonen som vart lagt fram i mai 2016. Mange kommunar fekk store endringar mens Norrdal kommune såg ut til å ville kome ut med omtrent det same rammetilskot som tidlegare.

Da kommuneproposisjonen vart lagt fram såg det ut til at Norddal kommune ville få kr 458.000 meir med ny nøkkelfordeling. Med nye sektorvektar vert det ein reduksjon på kr 511.000.

### KS har utarbeidd ein oversikt over gevinst/tap fordelt på sektor (1000 kr)

1000 kr	Samlet		Grunnskole		Pleie og omsorg		Kommunehelse		Sosialtjeneste		Barnevern		Barnehager		Administrasjon	
	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt	Ny nøkkel	Ny sektor vekt
1502 Molde	5 363	710	776	1 924	-2 187	-260	1 312	-192	5 159	-564	-1 004	-911	223	-224	1 084	939
1504 Ålesund	7 076	-2 755	5 892	1 452	-1 659	-3 263	660	-1 240	2 877	-799	-1 313	-1 135	-3 145	121	3 763	2 109
1505 Kristiansund	11 377	3 045	2 549	1 731	-212	1 226	1 353	-442	3 919	-121	287	325	2 632	-600	847	927
1511 Vanylven	-864	1 156	-848	90	-1 773	1 948	688	435	537	-136	-165	-304	962	-274	-265	-602
1514 Sande	-312	200	-1 053	-344	-317	1 156	170	371	915	-81	-65	-169	705	-239	-668	-495
1515 Herøy	-2 831	-1 389	-358	-833	-1 427	355	198	107	859	-293	-572	-504	-353	-192	-1 178	-30
1516 Ulstein	701	-3 240	66	-2 060	320	-733	-672	-68	2 915	-186	-406	-176	169	-35	-1 691	17
1517 Hareid	-3 355	9	-546	-225	-1 148	189	-32	71	972	-71	36	159	-590	38	-2 047	-152
1519 Volda	-3 756	-1 379	-1 055	-1 121	-2 792	577	-81	216	922	-301	-492	-417	990	-241	-1 250	-91
1520 Ørsta	-3 201	-631	-1 197	-1 075	-2 745	1 129	178	273	1 849	-330	-678	-508	540	-9	-1 148	-111
1523 Ørskog	-3 086	-779	-658	-532	-774	180	-29	171	485	-50	-122	-160	-173	-20	-1 815	-367
1524 Norddal	458	-511	-95	-620	-401	769	474	360	589	-62	-164	-201	-105	-60	160	-696
1525 Stranda	-3 568	-248	-1 877	-535	-2 460	1 072	113	440	1 223	-169	-327	-428	493	-212	-733	-417
1526 Stordal	438	-864	-51	-778	419	338	221	261	145	-21	-43	-25	438	-69	-690	-569
1528 Sykkylven	-2 092	-1 343	-687	-1 482	-1 796	570	-104	133	1 914	-175	-267	-105	475	-189	-1 627	-93
1529 Skodje	-3 262	-1 205	-808	-818	306	-208	-648	108	694	-163	-343	-183	-547	273	-1 917	-214
1531 Sula	-2 090	-753	222	-1 240	-1 280	368	-313	-30	1 058	-347	-623	-230	576	643	-1 729	81
1532 Giske	-2 276	-3 268	22	-2 396	379	-802	-562	35	482	-332	-429	46	-577	225	-1 591	-44
Møre og Romsdal	-17 322	-17 496	-14 946	-19 955	-28 598	21 070	6 312	6 981	45 449	-6 684	-8 995	-6 986	7 867	-4 023	-24 410	-7 899
Sum gevinst	32 715	8 971	9 769	5 197	3 954	26 337	9 736	8 951	45 449	0	562	960	16 142	1 301	6 241	4 073
Sum tap	-50 036	-26 467	-24 715	-25 152	-32 552	-5 267	-3 424	-1 971	0	-6 684	-9 557	-7 946	-8 275	-5 324	-30 650	-11 971

### Folketal

Folketalet er viktig for kommunen på ulike måtar. I økonomiplanperioden må ein planlegge for utviklinga i folketal. Kommunen tek i mot rammetilskot som er berekna ut i frå innbyggjartal, alderssamansetting og ein del andre parametarar. Avstand til større sentra vart eit avgjerande parameter etter omlegging av inntektsgrunnlaget.

Statistisk sentralbyrå lagar prognoser for folketalutvikling. Eit berekning utifrå ei middels nasjonal folketalutvikling gjev følgjande tal for Norddal kommune (per 01.01):

	2016	2017	2018	2019	2020	Endring	Endring i prosent
0 år	7	14	13	13	13	6	86 %
1-5 år	80	72	69	62	63	-17	-21 %
6-12 år	145	139	138	136	127	-18	-12 %
13-15 år	72	58	57	62	63	-9	-13 %
16-19 år	101	108	106	93	92	-9	-9 %
20-44 år	399	398	386	383	366	-33	-8 %
45-66 år	513	503	501	493	484	-29	-6 %
67-79 år	218	230	235	242	248	30	14 %
80-89 år	79	84	87	82	90	11	14 %
90 år eller eldre	38	35	35	32	31	-7	-18 %
	1652	1641	1627	1598	1577	-75	-5 %

Per 1. juli 2016 var det registrert 1664 innbyggjarar i Norddal. Dette talet vert lagt til grunn som kriteriedata for rammetilskot for 2017.

## **Inntekter**

Frie inntekter er rammetilskot, skatteinntekter (frå private og naturressursskatt), eigedomskatt, inntekter frå konsesjonskraft og andre ikkje øymerka statlege tilskot.

Konsesjonsavgifter frå Tafjord Kraftproduksjon AS og Rauma Energi AS går inn i det kommunale næringsfondet og kan berre disponerast etter nærare fastsette retningslinjer. Desse er difor ikkje rekna inn under frie inntekter.

## **Skatt og rammetilskot**

KS si prognose med anslag på skatt og rammetilskott er på 117,2 millionar for 2017. Skatteinntektene er justert ned frå 47 millionar til 45,5 millionar.

Norrdal har hatt ein jamnare skatteinngang enn det som er landsgjennomsnittet. I prognosen frå KS er skatteinntektene auka frå 43,7 millionar i 2015 til 46,3 millionar i 2016, og til 47 millionar i 2017. Det er lite sannsynleg at skatteinntektene i Norrdal vil følgje landsgjennomsnittet. Utviklinga frå 2014 til 2015 viser at det var ei auke på under 1 %. Hittil i 2016 er skatteinngangen lågare enn det som er budsjettet.

Det vert lagt fram forslag om å auke skatteinntektene med 2 % i forhold til KS si prognose for inneverande år. Det kan vere i høgste laget, men ein del vert utjamna i inntektsutjamning.

Naturressursskatten er ein del av våre skatteinntekter og er om lag 10 millionar. Skatteloven § 18-2 fastset at eigar av kraftverk skal betale naturressursskatten med 1,1 øre per kilowattime.

Uttrekk frå regjeringa si endring av vilkåra og oppgåvene i statsbudsjettet for 2017:

På makro (landsnivå) har regjeringa justert for auka pensjonsutgifter, tidleg innsats i skulane, rusomsorg, helsestasjon/skulehelseteneste og rehabilitering bygg.

Nye oppgåver for kommunane er

    Aktiviseringsplikt for sosialhjelpsmottakarar under 30 år

    Dagtilbod for personar med rusproblem

På grunn av endring i fordelingsnøklane og vekting av nøklane kjem Norrdal kommune dårlegare ut enn tidlegare.

Forslag til frie inntekter ut frå KS si prognose og justerte skatteinntekter:

<b>Norddal</b>						
<i>Grønt hefte med justerte skatteinntekter</i>	<b>Prognose ut frå statsbudsjett 06.10.16</b>					
<b>1000 kr</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	37 965	37 856	38 792	38 915	39 003	39 003
Utgiftsutjevning	25 030	24 732	25 504	25 550	25 576	25 576
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	-107	508	-168			
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og aravg)	290	390	611	611	611	611
Småkommunetilskudd	5 475	5 475	5 543	5 543	5 543	5 543
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	30	30	30			
Endring saldert budsjett 2014/2015/2016	-95	366				
RNB 2012-2015; Dok8:135 S (2015-15)	316					
<b>Sum rammetilsk uten inntektsutj</b>	<b>68 904</b>	<b>69 357</b>	<b>70 312</b>	<b>70 619</b>	<b>70 733</b>	<b>70 733</b>
Netto inntektsutjevning	-143	-182	-71	-71	-71	-71
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>68 761</b>	<b>69 175</b>	<b>70 241</b>	<b>70 548</b>	<b>70 662</b>	<b>70 662</b>
Rammetilskudd - endring i %	0,0	0,6	1,5	0,4	0,2	0,0
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>43 658</b>	<b>44 600</b>	<b>45 500</b>	<b>45 500</b>	<b>45 500</b>	<b>45 500</b>
Skatteinntekter - endring i %	0,9	2,2	2,0	0,0	0,0	0,0
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>	<b>112 419</b>	<b>113 775</b>	<b>115 741</b>	<b>116 048</b>	<b>116 162</b>	<b>116 162</b>

Sum - endring i %		1,2	1,7	0,3	0,1	-
<i>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</i>	<b>750</b>	<b>655</b>				

Med eit optimistisk skatteanslag vert det ei kroneauke på 1,7 %. Med nye oppgåver og ein deflator på 2,5 % vil Norddal kommune få reelt mindre til drift i 2017.

### Eigedomsskatt

Norddal kommune har i mange år skrive ut eigedomsskatt på verk og bruk og dette vert også føreslått for perioden 2017-20. Dei største objekta som er skattlagt er Tafjord Kraftproduksjon AS sine anlegg.

Grunnlaget for eigedomsskatt på kraftproduksjon er eigedomsskattegrunnlaget som vi får frå Skatteetaten. Eigedomsskattegrunnlaget for andre verk og bruk er takst som står fast i 10 år.

Eigedomsskattegrunnlaget for 2017, som vi har motteke frå Skatteetaten, viser at grunnlaget er redusert med 853 millionar. Det fører til at eigedomsskatten vert redusert med 6 millionar i 2017 i forhold til 2016.

Eigedomsskattegrunnlaget vert fastsett ut frå gjennomsnittsberekning for fem år. Den store nedgangen i eigedomsskattegrunnlaget for kraftselskapa kjem av at kraftprisen i 2010 var mykje høgare enn i 2015.

Frå Tafjord Kraftproduksjon har vi fått denne forklaringa:

«Med så lave priser som det var i 2015 kontra 2010, så gir dette store utslag i eiendomsskattegrunnlaget når resten er noenlunde likt. Trolig vil nok eiendomsskattegrunnlaget også gå ned for 2018. Øre pr kWh i 2011 = 0,3654. Prisen blir nok lavere, men differansen vil være mye mindre enn mellom 2010 og 2015» (Prisen i 2015 var 0,1979).

Etter vedtak i sak 096/16 i kommunestyret 27.10.2016 er det budsjettert med auka eigedomsskatt i åra 2018 – 2020. Dette krev eit vedtak om eigedomsskatt for heile kommunen, og ikkje berre for verk og bruk. Første året er budsjettert med netto 5 millionar og åra 2019 og 2020 med 7 millionar.

### Konsesjonskraft

Konsesjonar i samband med Tafjord Kraft si utbygging i Tafjord, gjev Norddal kommune høve til å ta ut konsesjonskraft, totalt 59,9 GWh. Kommunen kan ikkje nytte meir enn det ålmenne forbruket i kommunen. Møre og Romsdal fylke overtar og disponere det resterande. Etter eigen avtale med fylket har vi fått disponert ein del av deira volum, slik at vi i 2016 kunne ta ut om lag 41 GWh. Kommunen har fått ny avtale med same volum for 2016 og 2017. Norddal kommune disponerer konsesjonskrafta med å selje den vidare på årskontrakt. Prisen som må betalast til Tafjord Kraft AS vert fastsett av Olje- og Energidepartementet, og saman med kostnader for å ta ut krafta utgjer dette om lag 12 øre per kWh. Marknadsprisen på kraft var 28,6 øre/kWh i 2015, og det ga ei netto inntekt på 7,1 millionar Ved sal av krafta i november 2015 vart det oppnådd ein pris på 21,78 øre. Det gir ei prognose på netto inntekt på 4 millionar i 2016.

Vi skal selje konsesjonskrafta siste veke i november. LVK opplyser at det hittil er oppnådd prisar på 25 -27 øre på eittårskontraktar for 2017. Med ein optimistisk prognose vert det foreslått å budsjettere med netto inntekt på konsesjonskraft på 5,2 millionar i 2017.

## 3. Finans

### a) Utbytte og renteinntekter

(1000 kroner)	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Utbytte Tafjord Kraft	3 806	1 737	850	650	650	650	650
Rente ansvarleg lån Tafjord Kraft	545	487	250	300	300	300	300
Avkastning Elverk-fond	1 138	1 239	800	600	600	600	600
Renter bankinnskott	297	240	100	100	100	100	100
Andre renteinntekter, startlån	66	70	50	100	100	100	100
<b>Sum renteinntekter og utbytte</b>	<b>5 852</b>	<b>3 773</b>	<b>2 050</b>	<b>1 750</b>	<b>1 750</b>	<b>1 750</b>	<b>1 750</b>

Tafjord Kraft AS har varsla eigarkommunane om at utbytte må reduserast på grunn av krava til eigenkapital. Ålesund kommune har med sine 50,1 % aksjar budsjettert med 7,5 millionar i utbytte i 2017. Norddal kommune har 4,275 % og det vil gi utbytte på om lag kr 650.000. Avkastning på Elverk-fondet er budsjettert med ei vesentleg lågare avkastning ettersom inneståande i forvaltninga vert mindre.

Det er budsjettert med 3 % avkastning på forvaltningskapitalen/elverkfondet.



## b) Renteutgifter og avdrag

Gjeldsnivået auka vesentleg i 2016, men vil bli redusert i økonomiplanperioden.

Nibor vil ligge noko over styringsrenta, og i tillegg tar Kommunalbanken og KLP kommunekreditt eit marginpåslag på Nibor. I budsjettet og økonomiplan er det lagt inn renter på 1,75 % – 1,95 %.

Renteutgifter er berekna ut frå at det ikkje vert nye låneopptak i perioden.

	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
(1000 kroner)	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Renteutgifter	6 961	6 122	5 951	5 100	5 000	4 800	4 600
Kalkulatoriske renter sjølvkost	-329	-394	-260	-260	-260	-260	-260
<b>Sum renter</b>	<b>6 632</b>	<b>5 728</b>	<b>5 691</b>	<b>4 840</b>	<b>4 740</b>	<b>4 540</b>	<b>4 340</b>
Avdragsutgifter	11 974	12 270	12 180	12 500	13 000	14 000	14 000
<b>Sum renter og avdrag</b>	<b>18 606</b>	<b>17 998</b>	<b>17 871</b>	<b>17 340</b>	<b>17 740</b>	<b>18 540</b>	<b>18 340</b>

Kalkulatorisk rente sjølvkost er berekna rente for investeringar innan renovasjon, vatn, avløp, slam, feiing og fjernvarme. Denne renta vert belasta dei ulike sjølvkostområde og motpost vert inntekt på budsjettskjema 1A. Kalkulatorisk rente går inn i grunnlaget ved fastsetting av årlege gebyr.

## c) Avskrivningar - avsettingar - bruk av fond

Avskrivning i kommunerekneskapet vert ikkje belasta drift, men vert ført på dei ulike tenestene i KOSTRA. Unntaka er sjølvkostområda, vatn, avløp, slam, renovasjon, feiing og fjernvarme. Her vert dei einskilde områda belasta for avskrivning og rekna inn i grunnlaget for fakturering. Motpost for desse avskrivningane vert ført som inntekt i budsjettet.

Avsettingar til disposisjonsfond er meint å vere ei avsetting for å dekke inn delar av forventa meirforbruk i 2016.

Avsetting og bruk av bundne fond er avsettingar for konsesjonsavgifta.

## 4. Drift

Rådmannen har over tid arbeidet med å finne løysingar for å redusere driftsnivået.

Kraftinntektene vart vesentleg redusert i 2016 og det vart naudsynt å ta ned driftsnivået med inntil 8 millionar i forhold til nivået i 2015.

Største delen av utgiftene i budsjettet er knytt til løn. Ut frå ein gjennomsnittleg årskostnad på årsverk, vart det vedteke å redusere drifta med inntil 13 årsverk. Rådmannen har i budsjettet redusert med 4 årsverk på kvar sektor, og med eitt årsverk i sentraladministrasjonen. Dette skulle gje ei innsparing på 7,8 millionar i høve til driftsnivået i 2015.

### Pensjon

For 2017 er det budsjettere med følgjande pensjonsutgift for å dekke betaling av premie:

Fellesordninga og sjukepleiarar 20 %. Det er det same som opphavleg budsjett i 2016.

Lærarar 12 %.

Kommunen får prognose på premieavvik frå KLP og SPK. Premieavviket er differansen mellom betalt premie og berekna kostnad. Premieavviket varierer mykje frå år til år.

Premieavviket skal vere ein del av skjema 1B, og det er vald å legge ansvaret til rådmann.

### Lønns- og prisvekst

Prisveksten for kommunale varer og tenester (deflator) var 2,5 % i 2016.

Etter sentrale forhandlingar i 2016 er det avtale om 2 % lønsauke frå 1. august 2017.

### KOSTRA-analyse

Det er vald å gjere ei analyse mot våre nabokommunar og kostragruppe 6. Det er ulike driftsutfordringer for dei ulike kommunane, men det kan vere greitt å ha som grunnlag for å vurdere eigen drift.

Utvalgte nøkkeltall, kommunekonsern - 2015	1524 Norddal	1525 Stranda	1526 Stordal	1523 Ørskog	Kostragruppe 06
<b>Finansielle nøkkeltall</b>					
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	0,3	3,8	-1,2	-2,9	0,9
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,7	0,1	-0,8	-2,6	3,4
Frie inntekter i kroner per innbygger	68 505	54 922	72 947	56 207	69 891
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	305,6	334,5	252	302	219,7
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	24,2	13	56,5	40,2	27,3
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	159 194	139 406	125 541	68 520	78 475

Brutto driftsresultat er resultatet før renteinntekter og renteutgifter. Norddal kommune bør ha som mål å ha eit brutto driftsresultat på 3 %.

Av våre nabokommunar er det berre Stranda kommune som kjem ut med eit positivt netto driftsresultat. Norddal kommune hadde eit negativt netto driftsresultat på 3,3 millionar. På grunn av bruk av fond kom ein ut med rekneskapsmessig mindreforbruk.

Ein kan merke seg at Norddal har passert Stranda i netto lånegjeld per innbyggjar.

Utvalgte nøkkeltall, kommunekonsern - 2015	1524 Norddal	1525 Stranda	1526 Stordal	1523 Ørskog	Kostra- gruppe 06
<b>Prioritering</b>					
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	123 562	118 289	161 409	149 657	134 803
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202 grunnskule, 215 skulefritidstilbod, 222 skulelokale, 223 skuleskyss), per innbygger	20 680	14 515	16 824	13 118	17 647
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	6 551	2 894	4 252	3 598	5 047
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	27 643	16 343	23 102	21 983	27 645
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	489	852	1 294	2 960	3 293
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4 591	4 484	557	7 842	13 655
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb.	9 680	5 606	9 325	5 945	11 210

Prioriteringsindikatorane i Kostra skal seie noko om kor mykje av kommunen sine pengar som går til kvart enkelt tenesteområde. Ei teneste vil vere høgt prioritert når ein kommune vel å bruke store delar av sine ressursar på ei bestemt teneste. Ei forklaring på vesentlege forskjellar mellom kommunar kan vere at kommunen har relativt høgt utgiftsbehov knytt til tenesta. Dette vert delvis korrigert for når ein ser på utgifter per person i målgruppa.

Norddal kommune har prioritert skulesektoren høgt.

For helsesektoren er 2015 eit unntaksår da det måtte leigas inn vikarar som hadde høg kostnad.

## Til fordeling drift

### Rådmann

Budsjettområdet består av 1 årsverk som rådmann og 1 årsverk som ordfører.

### Politisk styring

Det vert val i 2017, og ekstra kostnader er berekna til om lag kr 100.000.

### Revisjon

Det er ikkje kome budsjettforslag frå kommunerevisjonen. Budsjettposten er berekna ut frå ei auke etter deflator.

### Reservert lønsoppgjer

Verksemdene har ikkje tatt med dei lønskostnadene som vil kome på grunn av dei lokale forhandlingane. For at verksemdene skal få godskrive dette, er det tatt med i den overordna budsjettposten.

Reservert består av:

Auking lønsforhandling 2016 kap 3.4 og 5	kr 300.000
Sentralt oppgjer 2017 - frå 1. september	kr 850.000
Arbeidsgjevaravgift	kr 150.000

Pensjonspremieavviket er omtala på overordna nivå under drift.

### Kyrkja og andre livssyn

Tilskot til Storfjord kyrkjelege fellesråd vert regulert med deflator på 2,5 %. Tilskot til andre livssynsorganisasjonar kan variere noko frå år til år. Budsjettposten er uendra.

<b>Rådmann</b>	<b>Rekneskap 2015</b>	<b>Regulert budsjett 2016</b>	<b>Budsjettbehov 2017</b>
Politisk styring	1 701 365	1 478 000	1 533 000
Revisjon	651 868	687 000	713 000
Rådmannsleiiing	2 617 438	1 810 470	1 789 000
Reservert lønsoppgjer	0	239 875	1 300 000
Pensjonspremieavvik	2 773 066	-3 923 000	-3 992 000
Kyrkja	1 630 000	1 530 000	1 570 000
Andre livssyn	50 439	54 000	54 000
<b>Sum</b>	<b>9 424 176</b>	<b>1 876 345</b>	<b>2 967 000</b>

## Fellestenester

Etter ny organisasjonsmodell består fellestenester av økonomi, personal, IKT, servicetorget, beredskap og informasjon og flyktingteneste.

Årsverksplan faste stillingar	Årsmelding 31.12.2014	30.09. 2015	April 2016	Plan 2017 -2020
<b>Fellestenester</b>				
Fellestenester	10,7	8,7	8,7	8,2
Beredskap og informasjon		0,6	0,6	0,4
Flyktingteneste			1,0	0,5
<b>Sum Fellestenester</b>	<b>10,7</b>	<b>9,3</b>	<b>10,3</b>	<b>9,1</b>

I fellestenester er budsjettet teke ned med nesten kr 600.000 i forhold til regulert budsjett for 2016. I tillegg til at det er redusert med 0,5 årsverk er det redusert på kontingentutgiftene, som var overbudsjettet i 2016. På den andre sida er auka utgifter på kjøp av tenester hos skatteoppkrevjaren.

Flyktingtenesta vil få eit underskot sjølv med reduksjon med 0,5 årsverk. Tilskota vert redusert for kvart år, og budsjett tilnærma null i 2016 kjem av at ein hadde lagt inn tilskot for 5 nye flyktingar. Tilskot for nye flyktingar kjem same året som dei vert busette, sjølv om dei kjem seint på året.

Norddal kommune fekk tilskot til å utarbeide ein regional beredskapsplan i 2016. Tilskotet førte til at kommunen sine utgifter berre var til folkevarsling, som vert utbetalt til Åknes-Tafjord IKS. For komande år vil ansvaret for beredskap også ha lønsutgifter.

<b>Fellestenester</b>	<b>Rekneskap 2015</b>	<b>Regulert budsjett 2016</b>	<b>Budsjettbehov 2017</b>
Fellestenester	7 502 194	9 335 715	8 762 000
Flyktingteneste	-1 062 943	4 800	543 000
Beredskap	370 170	310 025	440 000
<b>Sum</b>	<b>6 809 421</b>	<b>9 650 540</b>	<b>9 745 000</b>

## Skule og barnehage

Sektoren for skule og barnehage består av skulane, barnehagane, kulturskulen, kultur, frivilligsentral, bibliotek og barnevern.

Utvalgte nøkkeltall, kommunekonsern - 2015	1524 Norrdal	1525 Stranda	1526 Stordal	1523 Ørskog	Kostra- gruppe 06
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	91,2	89,3	88,6	94,8	89,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	11,6	6	8,7	13,4	10,4
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	160 568	153 240	211 949	208 173	176 966
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev	158 586	122 631	100 851	115 602	165 397
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	7,8	13,7	12,6	13,9	8,8

Driftsutgiftene i barnehagane har over tid vore relativt låge i Norrdal kommune. Skulen har som tidlegare nemnd vore høgt prioritert, det er liten gruppestørrelse i ungdomsskulen og det er relativt stor andel av barn som får spesialundervisning.

Årsverksplan faste stillingar	Årsmelding 31.12.2014	30.09. 2015	April 2016	Plan 2017 -2020
<b>Skule og barnehage</b>				
Fellesområde skule/barnehage	1,0	1,0	1,0	1,0
Valldal skule	29,0	29,9	30,7	31,5
Eidsdal skule	12,4	12,7	11,9	10,9
Dalsbygda barnehage	4,3	4,3	4,7	4,3
Syltebøen barnehage	14,4	14,9	14,0	11,4
Kulturskulen	3,1	3,1	3,0	3,0
Kultur	1,5	0,5	0,4	0,2
Frivilligsentralen	0,5	0,5	0,5	0,5
Bibliotek	1,4	1,4	1,4	1,4
<b>Sum Skule og barnehage</b>	<b>67,6</b>	<b>68,3</b>	<b>67,6</b>	<b>64,2</b>

I budsjettet for 2017 er det budsjettert med 0,3 årsverk meir enn det bemanningsplanen la opp til. Det er auka med 0,2 årsverk grunna barnetal i Dalsbygda og 0,1 på SFO i Eidsdal.

### Fellesområde skule barnehage

Fellesområdet dekker utgiftene til kommunalsjef, PPT, skoleskyss og ein del fellessatsingar. Utgifter til PPT vert redusert i 2017.

### Valldal skule

Behovet for spesialundervisning og spesiell tilrettelegging for einskildelevar hadde ein kraftig auke gjennom skuleåret 2015-2016. 18 elevar har i dag vedtak om spesialundervisning. 4 av desse er tildelt ressursar med omfang i tid på 1:1. I tillegg har 8 elevar vedtak om norskopplæring for framandspråklege.

Det er i budsjettet lagt opp til at behovet for SFO- tilbud er uendra frå vår til haust 2016.

Omfanget av undervisning for flyktningar vil truleg bli på same nivå i 2017 som for inneverande budsjettår. Lønnsbudsjettet er ført vidare for ei gruppe innvandrarak og betalande arbeidsinnvandrarak på kveldstid og ei gruppe med flyktningar og innvandrarak med rett på slik opplæring på dagtid.

#### Eidsdal skule

Vidareføring av driftsnivået haust 2016. Kan verte reduksjon i timar til spesialundervisning frå hausten 2017. Dette er ikkje rekna inn.

På SFO har ein auka budsjettet etter politisk vedtak om heilårleg tilbud. Talet på brukarak er så lågt, at vidareføring av tilbudet må vedtakast politisk.

#### Dalsbygda barnehage

